

VEDTEKTER for Osterklang

1. Osterklang skal vera eit kyrkjekor for Osterfjorden prestegjeld, og er ope for alle vaksne medlemmer i kyrkja. Me tek sikte på å delta på gudstenester ca ein gong pr. månad, - med song av liturgi og salmesong.
Koret vil også øva inn eit variert repertoar av korsong til bruk ved konsertar og andre tilstellingar.
2. Kantor i kyrkja er til ei kvar tid, i samråd med styret, - ansvarleg for det musikalsk/religiøse innhaldet i det koret framfører, både i kyrkja og utanfor.
3. Årsmøtet er koret si øvste mynde og skal haldast kvart år om hausten.
Dei skal velja eit styre på 4 medlemmer, og to vara. Kantor er alltid ein av dei 5 i styret. Han vert ikkje vald. Styret er ansvarleg overfor Årsmøtet.
4. Valreglar: 1.Val av formann/leiar for eitt-1-år. Dette er årsmøtet si oppgåve.
2. Val av to-2-styremedlemmer for to-2-år.
3. Val av to-2- varamedlemmer for eitt-1-år.
4.Val av valnemnd, tre -3- medlemmer for tre-3-år. (eitt nytt medlem for kvart år; evt. attval.)
Medlem i valnemnda kan ikkje samstundes vera medlem i styret.
Alle val vert leia av valnemnda.
5. Styret konstituerer seg sjølv og vel nestleiar, kasserar og skrivar. Kvart medlem i styret må sitja i min. to år. Ingen bør ha same verv i meir enn fire år. Ikkje meir enn halve styret bør skiftast ut samstundes.
6. Det skal vera ca eitt styremøte pr månad, og referat skal sendast til medlemmer, sokneråd og sokneprest.
7. Ifrå hausten 2013 innfører OsterKlang medlemspengar, - det skal vera kr 400,- pr år. Ifrå hausten 2013 har OsterKlang også fått sin eigen konto i Dnb. Kasserar legg fram kontoutskrift ifrå denne når styret ber om det. Kontoen kan disponerast av leiar og kasserar, via nettbank eller bankkort. Koret høyrer likevel inn under Soknerådet sin revisjon og deira budsjett.
8. På årsmøtet har styret plikt til å leggja fram årsmelding, revidert rekneskap. Styret skal og prøva å leggja fram eit arbeidsprogram for det komande året.
9. Dersom koret Osterklang vert oppløyst, og der er pengar til overs, skal desse gå inn i Soknerådet til deira arbeid.
10. Soknerådet ynskjer å ha ein representant i styret for OsterKlang. Denne representanten vert kalla inn til styremøta og får referat, men har ikkje møteplikt eller røysterett.

Årsmøtet i Osterklang 19.september 2013